



**SOGNDAL KOMMUNE**

**Me byggjer framtida**

## **Plan for skulefritidsordninga i Sogndal kommune**

**2010 - 2013**



Vedteken av kommunestyret den 21.10.10.

**VISJON FOR GRUNNSKULEN I SOGNDAL KOMMUNE**

## **ME BYGGJER FRAMTIDA**

I SOGNDAL KOMMUNE SATSAR ME PÅ SKULEN

ME HAR

ELEVAR SOM ER TRYGGE OG AKTIVE, OG SOM OPPLEVER MEISTRINGSGLEDE

LÆRARAR SOM ER FAGLEG KOMPETENTE, OG HAR EVNE OG ENGASJEMENT TIL  
Å LEIE ELEVANE SI LÆRING

ASSISTENTAR, MILJØARBEIDARAR OG ANDRE TILSETTE SOM SKAPAR OG LEGG  
TIL RETTE FOR TRIVSEL, LÆRING OG MEISTRING I SKULEKVARDAGEN

FORELDRE SOM STØTTAR AKTIVT OPP OM BARN SI LÆRING OG UTVIKLING

SKULELEIARAR SOM ER OPNE, TYDELEGE, SKAPER ENGASJEMENT OG  
UTVIKLING

SKULEEIGAR SOM ENGASJERER SEG I KVALITET OG INNHOLD I SKULEN

EIT LOKALSAMFUNN SOM SER PÅ SKULEN SOM EIN VIKTIG  
SAMFUNNSINSTITUSJON, OG SOM ER POSITIVT TIL SAMARBEID

**BLI MED PÅ LAGET!**

**Føremål**

Grunnskulen i Sogndal kommune skal gje barn og unge ei opplæring som stettar krava i lovverk og læreplan.

Grunnskulen i Sogndal skal ha ei skulefritidsordning før og etter skuletid for alle elevar på 1. – 4. årstrinn og for elevar med funksjonshemming på 1. – 7. årstrinn. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Barn med funksjonshemming skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal – både inne og ute – skal vere eigna for føremålet (opplæringslova §13-7).

### **Mål for opplæringa**

Alle elevane skal gjevast like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre. Det skal takast omsyn til at elevane har ulike føresetnader og ulik progresjon, slik at alle kan oppleve gleda ved å meistre og å nå måla sine.

Elevane skal

- oppleve ein skuledag kjenneteikna av positiv samhandling og medverknad
- oppleve gode relasjonar til andre elevar og dei vaksne i skulen
- lære dugleikar i lesing, skriving og rekning
- kunne uttrykkje seg munnleg
- kunne bruke digitale verktøy
- utvikle haldningar og dugleikar som fremjar kreativitet og nyskaping
- utvikle gode kunnskapar om lokalsamfunnet og lokalt næringsliv
- få forståing for at dei sjølve kan skape arbeidsplassar og den verdien dette kan ha for lokalsamfunnet
- få eit grunnlag og rettleiing for val av yrke
- vere fysisk aktive kvar dag
- skal oppleve eit godt psykososialt og fysisk læringsmiljø i skuletida og i skulefritidsordninga.



**Læringsplakaten i læreplanen for Kunnskapsløftet**

Læringsplakaten inneheld viktige prinsipp for opplæringa og må sjåast i samanheng med reglane i lov og forskrift, læreplanen sin generelle del og læreplanar for alle fag. Læringsplakaten inneheld 11 grunnleggjande forpliktingar som skal gjelde for alle skulane i kommunen, og som skal liggje til grunn for skulen sin pedagogiske plattform.

Skulen skal

1. gje alle elevane like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre
2. stimulere elevane si lærelyst og evne til å vere uthaldande og nyfikne
3. stimulere elevane til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking
4. stimulere elevane i deira personlege utvikling, i å utvikle sosial kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk tenking
5. leggje til rette for at elevane kan gjere medvitne val av utdanning og framtidig arbeid
6. fremje tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar
7. stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen til den einskilde lærar
8. medverke til at lærarane står fram som tydelege leiarar og førebilete for barn og unge
9. sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring
10. leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre at foreldre/føresette får medansvar i skulen
11. leggje til rette for å trekkje inn lokalsamfunnet i opplæringa på ein meningsfylt måte.

Visjon, mål for opplæringa og læringsplakaten er henta frå Strategisk plan for utvikling av grunnskulen i Sogndal 2010 – 2013. SFO-tilbodet skal ikkje vere undervisning, men vi ønskjer at den same visjonen, det same elevsynet og dei same pedagogiske prinsippa òg skal gjelde for SFO.



**Innhald**

Føreord .....	6
Innleiing	
SFO i opplæringslova .....	7
Kommunen sitt mål for SFO .....	7
SFO-leiing .....	7
Samhandling skule og SFO .....	7
Overgang barnehage – skule .....	8
Samhandling heim og SFO .....	8
Eleven sitt skulemiljø .....	8
Status og utfordringar .....	10
Mål .....	11
Prioriterte område .....	11
• Omsorg og tryggleik .....	12
• Leik – ”Ha det kjekt” .....	13
• Kulturaktivitetar – ”Song, dans, spel og opplevingar” .....	14
• Fysisk aktivitet og sunt kosthald .....	15
• Samspelet mellom SFO og lokalsamfunnet .....	16
Leksehjelp .....	17
Kommunen sitt kvalitetssystem .....	18
Gjennomføring og oppfølging av planen .....	19
Vedtekter .....	21
Vedlegg	
Trudvang skule og SFO .....	23
Kaupanger skule og SFO .....	24
Norane skule og SFO .....	25
Fjærland skule og SFO .....	26

Formannskapet vedtok i januar 2010 å opprette ein sakskomite som skulle utarbeide ein kommunal plan for skulefritidsordninga i kommunen.

Planen skal

- ta utgangspunkt i opplæringslova sitt krav om at kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning, nasjonale føringar og det tilbodet kommunen har i dag
- fastsetje mål for tilbodet, innhald, bemanning, opningstider og økonomi
- avklare eventuelt samarbeid med kulturskulen og frivillige organisasjonar.

Bemanning, opningstider og økonomi er omtala i vedtektene.

Planen skal utarbeidast i nært samarbeid med rektor og tilsette ved skulane/fritidsordninga. Foreldreutval og samarbeidsutval skal høyrast i samband med planarbeidet.

Sakskomiteen har òg hatt i oppdrag å greie ut eit tilbod om gratis lekeshjelp for aldersgruppa 1.-4. klasse som ein del av skulefritidsordninga, jf. ny §13-7a i opplæringslova. Innføring av leksehjelp i grunnskulen i Sogndal frå 01.08.10 vart handsama av formannskapet den 15.04.10. Tilbodet er omtala i SFO planen.

Plan for skulefritidsordninga skal saman med strategisk plan for utvikling av grunnskulen i Sogndal (2010 – 2013) og kommunal strategi for innhald og oppgåver i barnehagen (2007 – 2010) syne heilskap og samanheng i lærings- og utviklingsarbeidet for barnehage- og skulebarn i kommunen. Barnehageplanen vil verte revidert hausten 2010.

Planane føreset at tilsette og samarbeidsutvala i barnehagane set seg inn i planane for skule og skulefritidsordninga, og at tilsette og utvala ved skulane set seg inn i barnehageplanen.

Framlegg til plan har vore på høyring i perioden 18.08.10 – 08.09.10. Planen har vore sendt til skulane v/ rektor, FAU v/leiar og nestleiar, foreldrerepresentantane i skulane sine samarbeidsutval, utdanningsforbundet og fagforbundet. Det vart gjennomført høyringsmøte den 07.09.10.

Sakskomiteen har vurdert alle innkomne merknader og innarbeidd relevante innspel i planen.

## **Innleiing**

Dette er Sogndal kommune sin plan for kvalitetsutvikling i skulefritidsordninga (SFO)

Planen skal vere

- eit styringsdokument for rektorane, SFO leiarane og rådmannen
- eit grunnlag for kompetanseutvikling i SFO
- eit grunnlag for informasjon til foreldra.

### **SFO i opplæringslova**

I Opplæringslova er det få krav til innhald og kvalitet i SFO. Kommunen utformar tilbodet ut frå kravet om at kommunen skal gje eit tilbod før og etter skuletid for 1. – 4. årssteg og for barn med særskilte behov på 1. – 7. årssteg. Opplæringslova §9a-8 slår fast at krava til skulemiljø skal gjelde for SFO. Dette gjeld òg når SFO omfattar aktivitetar utanfor skulen sitt område, eller vert drive i lokale utanfor skulen.

Hovudmålet for SFO finn vi i Opplæringslova §13-7: Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Barn med funksjonshemming skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areala – både inne og ute – skal vere eigna for føremålet

### **Kommunen sitt mål for SFO**

Kommunen skal ha eit SFO tilbod før og etter skuletid for 1. – 4. årssteg. SFO-tilbodet skal gje barna omsorg, tilsyn og gode utviklingsvilkår. Ordninga skal leggje til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Det er ønskjeleg at tilbod frå kultur- og idrettsskule vert integrert i tilbodet.

SFO skal bidra til større heilskap i barna sin kvardag gjennom nært samarbeid mellom heim, skule, kultur- og fritidsaktivitetar i lokalmiljøet. Omsorg, leik, kulturaktivitetar og sosial læring, der barna får ta ansvar for kvarandre og for felles oppgåver, må danne kjernen i tilbodet. Det må leggjast til rette for at barna har ein reell medverknad over eigen kvardag i skulefritidsordninga.

### **SFO – leiing**

Det er skulen sin rektor som er ansvarleg for SFO. Rektor kan delegere ansvar for den daglege drifta til ein SFO-ansvarleg. Det er rektor sitt ansvar at det er eit tett samarbeid mellom skulen si leiing/rektor og dei som dagleg leiar SFO-tilbodet. Skulen sitt samarbeidsutval er òg ansvarleg for aktiviteten i SFO.

### **Samhandling skule og SFO**

Dagen for barna på skulen i Sogndal skal vere prega av heilskap og samanheng. Dette krev at det er ein stor grad av samhandling om både innhald og organisering i skule og SFO. Skulane arbeidar for at elevane møter like strukturar, felles normer og verdiar og til ein viss grad same vaksne gjennom heile dagen. I skulefritidsordninga får elevane velje mellom ulike aktivitetar som er knytt mot skulen sine arbeidsperiodar/tema. Skulen sitt ordensreglement gjeld òg for SFO.

### **Overgang barnehage – skule**

## Bakgrunn

Overgangsprosessar kan vere sårbare. Overgangar kan definerast som ein prosess av endringar som barna og familiare deira erfarer, når dei går frå eit system til eit anna. Desse overgangane fører til rolleendringar som inneber endringar i forventingar og krav til barna og føresette. Overgangane vedkjem òg miljøet rundt barna, foreldra/føresette, familie og vener, og det er sårbare periodar der samspelet mellom aktørane som er involverte, betyr ekstra mykje.

Rammeplanen for barnehagen og strategisk skuleplan seier at barnehagen i samarbeid med skulen skal leggje til rette for barn sin overgang frå barnehage til første klasse. SFO må vere ein del av denne heilskapstenkinga.

## Mål

Vi skal ha eit godt og systematisk samarbeid mellom barnehage og barnetrinn/SFO som skal medverke til å lette overgangen frå barnehage til skule. Overgangen skal vere prega av tryggleik, kontakt og heilskap. I tillegg skal den byggje på likeverdig partnerskap og kunnskap om kvarandre sine planar og mål. God overgang skal sikrast gjennom naudsynt dokumentasjon, gjensidig kontakt mellom tilsette og klare rutinar.

## Mål for arbeidsprosessar

- Skulane har rutinar for samhandling som sikrar overgang frå barnehage til barnetrinnet.
- Foreldra er informerte om og involverte i overgangsarbeidet.
- SFO vert trekt aktivt med i overgangsarbeidet.

## Resultatoppnåing vert vurdert gjennom

- Elevundersøking
- Brukarkartlegging (foreldre)
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Plan for SFO - skulen si rapportering.

## **Samhandling heim og SFO**

Det vert gjennomført brukargransking for føresette med barn i SFO annakvart år for å kartlegge i kva grad dei føresette er nøgde med SFO tilbodet på den einskilde skule. Det vert lagt til grunn at skulane skal nytte resultatet frå kartlegginga når dei utviklar/utformar nye tiltak for tilbodet. Det vert til vanleg halde 2 foreldremøte kvart skuleår. Det eine kan vere felles for skule og SFO.

## **Elevane sitt skulemiljø**

Opplæringslova slår fast at alle elevar i grunnskulen har rett til eit godt fysisk og psyko-sosialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulane må gjennomføre dei tiltaka som er naudsynte for å innfri krava i lova.

Skulemiljøet har mykje å seie for trivsel og læringsresultata til elevane. Dersom elevane opplever tilhøve som bør betrast ved skulemiljøet, er det viktig at dei seier ifrå om dette. Opplæringslova seiar òg kva rettar elevane og foreldra har til å ta opp spørsmål knytt til skulemiljøet.

I følgje strategisk skuleplan skal alle skulane



- ha eit program for haldningsskapande arbeid og førebyggjande arbeid mot mobbing
- syte for at elevar og foreldre får informasjon om deira rettar i høve skulemiljøet
- syte for at slik informasjon er tilgjengeleg på skulane si nettside
- informere samarbeidsutval, foreldreutval og elevrådet om hendingar, planar og vedtak som er viktige for skulemiljøet
- handsame eventuelle krav om tiltak frå elevar eller føresette etter reglane i forvaltningslova om enkeltvedtak.

Desse punkta gjeld òg for SFO, og er ein del av kommunen sitt kvalitetssystem.

Skulane har lang erfaring med å sikre god integrering av barn frå andre kulturar, og det er utarbeidd handlingsplanar for arbeidet med integrering. Dette arbeidet må òg omfatte aktiviteten i SFO.



## Status og utfordringar

Her har vi sett på tal barn som nyttar SFO fordelt på klasseteg og skule samanlikna med fylket og landet, og resultatet frå brukargranskinga i 2007.

#### Tal barn i SFO pr. 01.01.10

	Trudvang		Kaupanger		Norane		Fjærland		Sum
	Tal	%	Tal	%	Tal	%	Tal	%	
1. kl.	41	62	13	72	3	38	1	17	58
2. kl.	29	49	10	50	2	29	0	0	41
3. kl.	24	37	7	47	1	9	0	0	32
4. kl.	6	9	4	22	0	0	0	0	10
Sum	100		34		6		1		141

#### Bruken av SFO plassar i Sogndal kommune pr. 01.10.09

	Landet	Sogn og Fjordane	Sogndal kommune
<b>% av elevtalet med SFO-plass 1-4. trinn</b>	<b>59,9</b>	<b>46,1</b>	<b>40,5</b>
% av elevtalet med heil SFO-plass 1. trinn	49,7	26,8	<b>37,8</b>
% av elevtalet med heil SFO-plass 2. trinn	42,7	19,1	<b>18,0</b>
% av elevtalet med heil SFO-plass 3. trinn	29,2	12,7	<b>9,3</b>
% av elevtalet med heil SFO-plass 4. trinn	12,2	5,1	<b>5,4</b>
% av elevtalet med redusert plass 1. trinn	25,0	36,3	<b>24,5</b>
% av elevtalet med redusert plass 2. trinn	30,9	35,2	<b>28,4</b>
% av elevtalet med redusert plass 3. trinn	29,8	31,8	<b>29,9</b>
% av elevtalet med redusert plass 4. trinn	18,1	18,2	<b>6,5</b>

GSI- statistikk

#### Brukargransking mellom foreldra 2007

Spørsmål	Sogndal	Landsnitt
Resultat for brukarane (trivsel, tryggleik og omsorg)	4,6	4,7
Trivsel	4,2	4,4
Brukarmedverknad	3,7	4,0
Respektfull handsaming	4,9	5,0
Tilgjenge	4,2	4,5
Informasjon	2,9	3,6
Fysisk miljø	4,1	4,0
Samarbeid skule og SFO	3,8	4,2
Snitt totalt	4,1	4,3

Skala frå 1- 6, der 6 er beste resultat.

Brukargranskinga var felles for alle skulane. Av granskinga går det fram at det er eit forbetringspotensiale innanfor områda trivsel, brukarmedverknad, informasjon og samarbeid skule – SFO.

Det vart sett i gang tiltak i etterkant av brukargranskinga. Det er mellom anna etablert idretts- og aktivitets-SFO på Trudvang. Trudvang gjennomfører òg halvårige foreldrekafeer. Alle

skulane legg vekt på at elevane til ein viss grad skal kunne ha innverknad på aktiviteten på SFO.

Skulane har informasjon om SFO på nettsidene sine. Skulane og SFO nyttar dei same lokala, og samarbeidar godt om praktiske tilhøve. Trudvang har ei ordning der tilsette i 1. klasse føl elevane over på ”deira” SFO-avdeling.

Det er ikkje gjort nye brukargranskingar etter at desse tiltaka vart sett i verk.

## **Utfordringar**

Vi ligg under landsnittet og under snittet i fylket når det gjeld bruken av SFO. Auken i søknader om heil plass i barnehagen òg for dei yngste barna, skulle tyde på at behovet for SFO-plass for dei fleste er til stades. I dei fleste familiane er begge foreldra i arbeid, og vi har mange innflyttarar som ikkje har eit familienettverk rundt seg. Føresetnaden for at SFO-tilbodet vert nytta, er truleg at det vert opplevd som eit tilgjengeleg og kvalitativt godt tilbod.

Brukargranskinga frå 2007 syner at vi hadde eit forbetningspotensiale på områda trivsel, brukarmedverknad, informasjon og samarbeid skule/SFO jf. tabellen på side 10.

Pr. i dag er det ikkje eit eige SFO-tilbod i Fjærland. Tilbodet har vore gjeve som ein del av barnehagen, og det er få barn som nyttar tilbodet. Kartlegging mellom foreldra våren 2010 syner at det er aukande interesse for eit SFO-tilbod i Fjærland.

## **Mål**

Sogndal kommune har følgjande mål for SFO i planperioden:

1. Vi skal auke kvaliteten på SFO-tilbodet i kommunen.  
Resultatet for kor nøgde foreldra er, skal minst liggje på landssnittet.
2. Vi skal auke talet på brukarar på SFO på alle trinn.
3. Vi skal ha eit SFO-tilbod i alle skulekrinsane i kommunen.

## **Prioriterte område**

Skulefritidsordninga i Sogndal har følgjande prioriterte område:

- Omsorg og tryggleik
- Leik – ”Ha det kjekt”
- Kulturaktivitetar – ”Song, dans, spel og opplevingar”
- Fysisk aktivitet og sunt kosthald
- Samspelet mellom SFO og lokalsamfunnet

**Dei prioriterte områda skal innarbeidast i SFO sine årsplanar.**

## **Omsorg og tryggleik**

### **Mål**

Alle barn i SFO skal oppleve respekt, tillit og likeverd. Barna skal oppleve tydelege og trygge vaksne som leiar og tek ansvar for kvaliteten i all samhandling. Foreldra skal oppleve SFO som ein trygg plass å vere.

### **SFO skal**

- ha vaksne som gir det enkelte barn konstruktive tilbakemeldingar
- ha vaksne som snakkar og samhandlar med barna på ein positiv måte
- ha vaksne som kjenner reglar og rutinar som gjeld for SFO
- ha vaksne som har felles og kjende reaksjonsmønster på situasjonar og handlingar i barnegruppa.

Vaksne i skulefritidsordninga skal vere gode modellar for barna gjennom språk og handling, løysingar og veremåte, og dei må balansere det å sette grenser og vise omsorg. Dei tilsette skal hjelpe barna til å bli meir sjølvstendige og ta stadig større ansvar for eigne haldningar og væremåte.

Omsorg har med korleis menneske forhold seg til kvarandre og korleis dei syner omtanke for kvarandre i kvardagen. For å utvikle ei trygg skulefritidsordning må dei tilsette delta i og utvikle sosialt kompetente barn som kan kommunisere med jamaldringar og vaksne. Forsking definerer dugleksområde for sosial kompetanse som empati, samarbeid, sjølvkontroll, sjølvhevdning, problemløysing og humor.

### **Mål for arbeidsprosessar**

- Dei tilsette ved SFO tek ansvar for å rettleie og hjelpe det enkelte barn i å utvikle sosial kompetanse.
- Dei tilsette ved SFO skaper tryggleik og trivsel og arbeidar aktivt for å førebygge mobbing.
- Dei tilsette ved SFO legg rammer som gir barna høve til medråderett og innverknad på eigen situasjon.
- Dei tilsette ved SFO høyrer på barna og let dei få oppleve at det vert lagt vekt på meiningane deira.

### **Resultatoppnåing vert vurdert gjennom**

- Brukargransking annakvart år.
- Skulen si årsmelding til kommunestyret.
- Plan for skulefritidsordninga – skulen sin rapport.

## **Leik - ”Ha det kjekt”**

### **Mål**

Barna i SFO skal ha tid og rom for fri leik og læring gjennom gamle og nye organiserte leikeformer.

### **Kvifor leik?**

Leiken er barna sin viktigaste aktivitet. Gjennom leik får barna bearbeida opplevingar og kjensler. Leiken gjev røynsler og opplevingar saman med andre barn. Samstundes får dei prøve ut ulike roller i leiken.

I ein pedagogisk samanheng er leik ein viktig faktor i barn si utvikling og læring.

- Leiken er barnet sin viktigaste aktivitet.
- Barnet hentar innhaldet i leiken frå det verkelege livet, og leiken er ei førebuing til vaksenlivet.
- Leiken er eit middel til å utvikle forståing og kunnskap.
- Gjennom leiken bearbeidar barnet problem og inntrykk som det møter i kvardagen.
- Gjennom leiken utviklar barnet seg motorisk og psykisk.

### **Fri leik og organisert leik**

I Sogndal skal SFO leggje til rette for både fri leik og organisert leik. Barna skal få tid og rom til fri leik. Dei må få leike uforstyrra under tilsyn. Dei vaksne skal gje støtte og hjelp ved behov. Dei tilsette organiserer òg leikeaktivitetar der dei deltek aktivt med styring og reglar for leiken. Mange barn treng styring og vaksenretteleiing for å kunne leike. Dei vaksne må observere og vurdere barna i både fri leik og organisert leik og gripe inn når situasjonen tilseier det. Dagsorden ved den einskilde SFO skal vere fleksibel slik at det ikkje vert naudsynt med avbrot i barna sin leik.

### **Mål for arbeidsprosessar**

- Tilsette ved SFO har naudsynt kompetanse for å organisere gamle og nye leiker/leikeformer.
- SFO legg til rette for variert fri leik og organisert leik inne og ute.
- Tilsette ved SFO motiverer, inspirer og rettleiar barna slik at alle deltek i leiken.
- SFO gjer dei tilpassingane som er naudsynte, for at funksjonshemma barn skal kunne delta i leiken.

### **Resultatoppnåing vert vurdert gjennom**

- Brukargransking annakvart år
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Plan for skulefritidsordninga – skulen si rapportering.

## **Kulturaktivitetar – ”Song, dans, spel og opplevingar”**

### **Mål**

Alle barn i SFO skal oppleve meistring og glede ved å delta i varierte kulturaktivitetar.

### **Kultur i SFO**

Barna skal få oppleve ulike kunst- og kulturuttrykk gjennom å møte kunst- og kulturformidlarar og gjennom eigenaktivitet. Kunst og kultur er òg viktige verkemiddel for å utvikle dei ulike dimensjonane i barna sin sosiale kompetanse – empati, evne til samarbeid, sjølvhevdning, sjølvkontroll, evne til ansvar, glede og humor.

### **Samarbeid med kulturskulen**

Vi ønskjer å etablere eit tettare samarbeid mellom SFO og kulturskulen, i første omgang organisert som eit utviklingsprosjekt, der målet mellom anna er auka kompetanse innan ulike kulturaktivitetar hjå dei tilsette i SFO.

### **Mål for arbeidsprosessar**

- SFO legg til rette for at barna får møte ulike former for kunst og kulturuttrykk
- Dei tilsette ved SFO organiserar aktiviteten slik at barna får vere kunst- og kulturaktørar for kvarandre og for dei føresette
- Dei tilsette ved SFO legg til rette for at barna deltek i aktivitetar som gir innblikk i kulturarven.

### **Resultatoppnåing vert vurdert gjennom**

- Brukargransking annakvart år
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Plan for skulefritidsordninga – skulen si rapportering.



## **Fysisk aktivitet og sunt kosthald**

### **Mål**

Barna i SFO skal vere fysisk aktive gjennom å delta i ulike idretts- og friluftaktivitetar, formings- og byggeaktivitetar. Barna får oppleve mat og måltid som fremjar gode matvanar og ein helsefremjande livsstil.

### **Fysisk aktivitet og helse**

Barn er mindre fysisk aktive i dag enn tidlegare, mellom anna på grunn av auka bilbruk og at barn brukar meir tid framfor TV-/PC skjermen. Barn som har motoriske vanskar, har ofte òg andre problem som vanskar med å følgje med, lese- og skrivevanskar og/eller sosiale vanskar. Forsking syner at fysisk aktivitet har positiv effekt både for fysisk og psykisk helse.

Mat og måltid er viktig for den fysiske og psykiske helsa til barna og for det sosiale velværet, og skal bidra til at barna vert vande til ein helsefremjande livsstil.

### **Bruk av lokalmiljøet**

Barna må få kjennskap til idretts- og friluftaktivitetar som det naturleg å halde på med i nærmiljøet til skulen. Uteområdet rundt skulen må nyttast til friluftaktivitetar og gjerne i samarbeid med andre organisasjonar. Kommunedelplan for idretts- og friluftsliv 2009 – 2012 gir oversyn over lokale område som kan nyttast til fysiske aktivitetar og naturopplevingar.

### **Mål for arbeidsprosessar**

- Tilsette ved SFO legg til rette for ulike idretts- og friluftaktivitetar
- Tilsette ved SFO rettleiar barna i ulike reglar for spel og andre aktivitetar slik at barna lærer å samarbeide.
- Tilsette ved SFO har interesse for og kunnskap om idrett og friluftsliv.
- SFO legg til rette for gode drikke- og matvanar i samarbeid med foreldra.

### **Resultatoppnåing vert vurdert gjennom**

- Brukargransking annakvart år
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Plan for skulefritidsordninga – skulen si rapportering.



## **Samspelet mellom SFO og lokalsamfunnet**

### **Mål**

Elevane skal verte kjende med korleis samfunnet fungerer gjennom konkrete opplevingar i skulen sitt nærmiljø. Elevane skal utvikle haldningar og dugleik som fremjar kreativitet og utforsking.

### **Bakgrunn**

Samspelet mellom barn og unge og lokalsamfunnet er mellom anna omtala i følgjande dokument:

1. Nasjonal strategiplan for entreprenørskap i skulen
2. St.meld. nr. 30 – Kultur for læring
3. Rammeplan for barnehagen
4. Kommunal plan for entreprenørskap i barnehage og skule
5. Strategisk plan for utvikling av grunnskulen i Sogndal 2010 – 2013
6. Kommunal strategi for innhald og oppgåver i barnehagen 2008 – 2010.
7. Sogn regionråd si satsing på skule og barnehage gjennom ”Sats på skulen – snu Sogn”

I tillegg har skulane utarbeidd egne handlingsplanar for entreprenørskap.

Entreprenørskapsopplæringa på barnesteget skal ha hovudfokus på å utvikle elevane sine evner til å stole på seg sjølv, ta ansvar og tillate seg å prøve og feile, og å byggje opp under kreativitet og trong for utforsking. Vidare er utvikling av sosiale dugleikar og evne til samarbeid heilt sentralt. Elevane utviklar eigen identitet og tilhøyre gjennom kjennskap til heimstaden sitt særpreg.

### **Mål for arbeidsprosessar**

- Dei tilsette i SFO legg til rette for at elevane vert kjende med lokalsamfunnet gjennom opplevingar i nærmiljøet
- Aktiviteten i SFO skal ta utgangspunkt i og supplere skulen sin handlingsplan for entreprenørskap.

### **Resultatoppnåing vert vurdert gjennom**

- Brukargransking annakvart år
- Skulen si årsmelding til kommunestyret
- Plan for skulefritidsordninga – skulen si rapportring.



## **Leksehjelp**

### **Mål**

Tilbudet skal gje alle like føresetnader i arbeidet med lekser og dermed auke læringsutbyttet, samt stimulere til gode arbeidsvanar i tidleg alder

### **Omfang**

Leksehjelpa skal vere eit frivillig tilbod til alle i 1.-4. klasse. Tilbudet er gratis. Foreldra er framleis ansvarlege for at lekser vert gjort og med tilfredsstillande kvalitet. Foreldre som ønskjer å følgje opp leksearbeidet heime, har full fridom til det.

Det lovfesta tilbudet om leksehjelp gjeld òg for dei som ikkje har SFO-plass.

I tillegg til det organiserte tilbudet om leksehjelp skal det vere høve til å lese lekser i den ordinære SFO-tida.

### **Avgrensing**

Leksehjelpa er eit frivillig hjelpetiltak, ikkje skule. Opplæringslova §1-3 om at ”opplæringa skal tilpassast føresetnadene til den enkelte eleven” gjeld ikkje her. §5 om spesialundervisning gjeld heller ikkje.

Leksehjelpa går på dei dagane skulen er open. I ferierar er det vanleg SFO for dei elevar og skular som har det.

### **Innhald**

Leksene skal vere tilpassa kvar enkelt elev og stå på eleven sin arbeidsplan. Leksene må kunne gjerast individuelt eller i gruppe med tilsyn og litt rettleiing. Det skal leggjast vekt på studieteknikk, individuell arbeidsinnsats og ansvar for eiga læring.

### **Retningslinjer**

- Det er rektor som er ansvarleg for leksehjelptilbudet.
- Leksehjelptilbudet skal organiserast i nær tilknytning til det øvrige skulearbeidet.
- Skulen skal ha eit system for å fange opp elevar som treng leksehjelp.
- Innhaldet og organisering skal kvalitetssikrast gjennom faste møte mellom assistentar og kontaktlærer og mellom assistentar og administrasjonen.
- Pedagogane kvalitetssikrar arbeidet til liks med dei som gjer leksene heime.
- Tilhøvet mellom leksehjelp, skule og heim må vere prega av god kontakt, og det må lagast avtalar som sikrar medverknad frå heimen.
- Ordninga skal så langt som råd ta omsyn til ordinær skuleskyss.

### **Resultatoppnåing vert vurdert gjennom**

- Brukargransking annakvart år.
- Skulen si årsmelding til kommunestyret.
- Plan for skulefritidsordninga – skulen sin rapport.

## Sogndal kommune sitt kvalitetssystem

### Bakgrunn

Det er presisert i opplæringslova §13-10 at skuleeigar skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i lovverket og forskriftene vert oppfylt. SFO-tilbodet er heimla i opplæringslova, og kravet til eit forsvarleg system gjeld og for SFO. Eit forsvarleg system føreset ei jamleg resultatoppfølging og vurdering om skulen følgjer lovverket og inneber at kommunen må ha eit system for innhenting og analyse av data.

### Kvalitet

Kvalitet handlar om å møte behov og innfri forventningar til

- brukarane – først og fremst elevane, men òg dei føresette og arbeidslivet
- profesjonane – lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i skulen
- oppdragsgjevarane – dei statlege styresmaktene og skuleeigarane

Vi kan definere kvalitet slik: Rett kvalitet vil seie at resultatet er likt eller høgare enn forventingane.

Arbeidet for å oppnå riktig kvalitet har to dimensjonar: Å syte for at forventingane til skulen er realistiske, og å betre kvaliteten. Dette skjer best gjennom ein tilrettelagt dialog og samspel mellom elevar/føresette, tilsette i skulen og skuleeigar.

### Kommunen sitt kvalitetssystem

Kommunen har etablert eit ikt-basert styringssystem som hjelpemiddel for å sikre og utvikle kvaliteten på tenesteproduksjonen og forvaltninga i kommunen. Dette omfattar oversyn over alle relevante dokument, avvikshandtering, risikovurdering og internkontroll.

### Oversyn over dei ulike elementa i det kommunale kvalitetssystem for SFO

Tiltak/aktørar	Skulenivå	Administrativt nivå	Politisk nivå
<b>Dokument</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• lover</li><li>• handbøker</li><li>• tenestomtalar</li><li>• prosedyrar</li><li>• planar</li></ul>	X	X	X
<b>Resultatmål i økonomiplan</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• økonomi</li><li>• brukar</li><li>• tilsette</li><li>• utvikling</li></ul>	X	X	X
<b>Kartleggingar</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• foreldregranskingar</li><li>• egne kartleggingar</li><li>• eigenvurdering SFO plan</li></ul>	X		
<b>Rapportering</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Skulen si årsmelding</li><li>• Politiske vedtekne resultatmål/</li></ul>	X	X	X

kommunen si årsmelding • SFO plan - måloppnåing			
<b>Oppfølging</b> – tiltak i høve til forbedring	X	X	
<b>Dialogmøtet</b>	X		X

Eitt av føremåla med å lage ein plan for SFO er å vidareutvikle og heve kvaliteten på dei tilboda som skulefritidsordninga i Sogndal tilbyr føresette og elevane. Det er utarbeidd ulike indikatorar for å kartlegge måloppnåing innanfor dei ulike områda i planen. Indikatorane byggjer på foreldregranskinga som vert gjennomført annakvart år, og statistikk. I tillegg vert skulane bedt om å gjennomføre ei eigenvurdering i høve til grad av resultatoppnåing for kvart av fokusområda i planen. Til saman gir dette eit visst grunnlag for å drøfte vidare satsing både på kommunenivå og ved den enkelte skule.

<b>Datafangst</b>	<b>Resultatmål</b>
Foreldregransking	Foreldra si vurdering av kva grad SFO er god på: <ul style="list-style-type: none"> <li>• trivsel</li> <li>• brukarmedverknad</li> <li>• respektfull handsaming</li> <li>• tilgjenge</li> <li>• fysisk miljø</li> <li>• samhandling skule - SFO</li> </ul>
Elevdatabase	Prosentdel elevar på 1. – 4. årssteg som nyttar SFO

Det vert utarbeid årlege resultatmål i økonomiplanen på desse områda.

## **Gjennomføring og oppfølging av planen**

### **Framdrift**

Tiltaka skal gjennomførast innanfor planperioden, og dei ulike tiltaka vert innarbeidd i skulane sine årlege verksemdsplanar – med det atterhaldet som er teke i punktet under om økonomi.

### **Rutinar eller system for oppfølging av planen**

Nokre av tiltaka/satsingsområda vil vere relevante som resultatmål vedtekne i økonomiplanen, andre vil vere ein del av skulane sine eigne utviklingsplanar/ordinære drift for SFO. Kva som vert prioritert kvart år, skal gå fram av økonomiplanen med rapportering i skulen si årsmelding til kommunestyret og kommunen si årsmelding.

### **Forsøks-, prosjekt- og utviklingsarbeid**

- System for kvalitetsutvikling i skulen med mellom anna rutinar for melding om avvik, risikoanalyse og internkontroll.
- Utgreiing om etablering av pedagogisk utviklingssenter/PPT.
- Deltaking i KS sitt utviklingsprosjekt ”Flink med folk i første rekke” med fokus på leiarkompetanse innan tverrfagleg samarbeid. Målet med prosjektet er betre brukaropplevd kvalitet på tenestene.
- Kartlegging av kompetanse og utarbeiding av kompetanseplan for tilsette i SFO.

- Utviklingsprosjekt i samarbeid med kulturskolen for mellom anna å auke kompetansen innan ulike kulturaktivitetar hjå dei tilsette i SFO.

### **Økonomiske konsekvensar**

Dei fleste tiltaka vil kunne gjennomførast innanfor eksisterande budsjett og ekstern finansiering. Moglege behov for auka løyvingar vert vurdert i samband med økonomiplanen kvart år. Gjennomføring av plan for SFO vil vere avhengig av budsjettrammene skulane har til ei kvar tid.

### **Evaluering og revisjon av planen**

Skulane rapporterer årleg status for gjennomføring av planen som ein del av skulen si årsmelding og kommunen si årsmelding. Planen vert revidert i 2013.



# Sogndal kommune

## Vedtekter for skulefritidsordninga

### Føremål

Grunnskulen i Sogndal kommune skal gje barn og unge ei opplæring som stettar krava i lovverk og læreplan.

Plan for skulefritidsordninga i Sogndal kommune skal liggje til grunn for aktiviteten. Skulefritidsordninga er ein del av skulen si verksemd. Samarbeidsutvalet sitt ansvarsområde omfattar òg skulefritidsordninga.

Grunnskulen i Sogndal skal ha ei skulefritidsordning før og etter skuletid for alle elevar på 1. – 4. årstrinn og for elevar med funksjonshemming på 1. – 7. årstrinn. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna. Skulefritidsordninga ska gje barna omsorg og tilsyn. Barn med funksjonshemming skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areala – både inne og ute – skal vere eigna for føremålet (Opplæringslova §13-7).

### Administrativ organisering

#### 1. Eigartilhøve

Sogndal kommune er ansvarleg for drifta av skulefritidsordningane ved Trudvang, Kaupanger, Norane og Fjærland skule.

#### 2. Opptaksmynde

Opptak til skulefritidsordninga vert gjort ved den einskilde skule v/tenesteleiar.

#### 3. Opptaksvilkår

Ordninga er frivillig og open for alle barn frå 1. – 4. klasse.

Barn med funksjonshemming kan nytte skulefritidsordninga frå 1. – 7. klasse.

#### 4. Opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen

Hovudopptak til skulefritidsordninga er 1. mai. Det er høve til å ta opp barn i ordninga i løpet av året.

Plassen vert tildelt for 1 år. Det er 1 måned oppseiingsfrist/endringsfrist. Melding om oppseiing eller endring må vere motteken før den 1. i månaden.

Ved oppseiing av ein SFO-plass etter **15. februar**, må foreldra betale for plassen ut juni.

#### 5. Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga for skulefritidsordninga vert fastsett av kommunestyret i samband med handsaming av økonomiplanen kvart år. Foreldra skal ha varsel om endring av pris tre veker før endringa trer i kraft.

#### 6. Leike- og opphaldsareal

Skulefritidsordninga skal nytte skulen sine lokale og uteområde. Areala både ute og inne skal vere eigna for føremålet. Det skal ved kvar skule vere lokale som skal tene som base

for skulefritidsordninga.

### 7. **Dagleg opphaldstid og årleg opningstid**

Det vert gjeve tilbod om skulefritidsordning utanom skuletid i tidsrommet kl. 0730 – 1630. Tilbodet vert òg gjeve i skulane sine feriar og fridagar. Skulane kan gjere tilpassingar utifrå lokale behov.

Skulefritidsordninga er stengt 4 veker i juli. Det er òg stengt på planleggings- og kursdagar for dei tilsette.

### 8. **Bemanning og leiing**

Bemanninga skal vere forsvarleg og i samsvar med avtaleverket.



## Trudvang skule



Trudvang skule er ein 1-7 skule med 3 parallellar og omlag 440 elevar. Rundt 50 vaksne arbeider på skulen og i skulefritidsordninga, av desse finn vi lærarar, spesialpedagogar, miljøterapeutar og assistentar. Skulen ligg sentralt i kommunesenteret Sogndal.

Trudvang SFO er organisert i tre avdelingar. Innhaldet i SFO tek utgangspunkt i barna sine behov for eit trygt miljø, tilsyn, leik og organiserte aktivitetar.

Skulen har tilbod om heil plass, ettermiddagsplass, morgonplass eller ein kombinasjon og ferieplass (elevfrie dagar og feriar). I tillegg har Trudvang skule eit tilbod om Aktivitets-SFO. Aktivitets-SFO er eit tilbod etter skuletid måndag og onsdag gjennom skuleåret, og som inneheld mange ulike aktivitetstilbod. På avdelingane satsar vi på å ha ulikt materiell som til dømes kunstkrok og spel/leiker.

Du finn meir informasjon på skulen si nettside [www.trudvang.skule.no](http://www.trudvang.skule.no)



## Kaupanger skule



Kaupanger skule er ein 1 - 10-skule med 200 elevar. I alt 32 vaksne arbeider på skulen og i skulefritidsordninga, av desse 25 pedagogar.

Skulen ligg i Kaupanger, ei bygd med omlag 1700 innbyggjarar, omlag ei mil frå [Sogndal](#), som er kommunesenteret.

Kaupanger SFO har fast base i Gamleskulen i dei same lokala som 1. klasse held til i. Ein viktig del av SFO-tilbodet er humor, leik og sosial læring gjennom samvær med andre barn og vaksne på tvers av klassetrinn. SFO har tilgang til alle skulen sine spesialrom som t.d. gymsal og skulekjøken. I tillegg er vi kvar dag ute i frisk luft og leikar.

Kaupanger SFO har tilbod om heil plass, morgon/ettermiddag plass og ferieplass.

Du finn meir informasjon på skulen si nettside [www.kaupanger.skule.no](http://www.kaupanger.skule.no)





## Norane skule

Norane skule er ein 1-7 skule. Skuleåret 10/11 har vi 48 elevar og 7 lærarar. Skulen er 3-delt, der 1-2 klasse, 3-4 kasse og 5-6-7 klasse utgjer undervisningsgruppene.

Skulen ligg i naturflotte omgjevnader på Ylvisåkerneset, midt mellom Sogndal og Leikanger. Skulen er ein del av Norane oppvekstsenter, som òg inneheld Ylvisåker barnehage.



SFO har eit godt samarbeid med barnehagen. Aktivitetane omfattar mellom anna formingsaktivitetar og frileik. Det vert sett av mykje tid til leik og spel i løpet av veka, og det vert lese mykje av ulike forfattarar. Ungane får òg tilbod om eit enkelt måltid ein dag i veka.

Norane SFO har tilbod om heil plass, morgon/ettermiddagsplass og ferieplass.

Du finn meir informasjon på skulen si nettside [www.norane.skule.no](http://www.norane.skule.no)



## Fjærland skule

Skulen ligg i brebygda Fjærland i Sogndal kommune.

Skulen er ein del av Fjærland oppvekstsenter er delt i skule og barnehage, organisert som ei tenesteeining med felles administrasjon.

I skulen er det 34 elevar, medan det er 18 ungar i barnehagen.

Skulen og barnehagen ligg fint til attmed fjorden, litt i utkanten av Mundal. Skulen har gymnastikkbygg med tilhøyrande symjebasseng og både idrettsbane og lysløype som næraste nabo.



Skulen har tilbod om heil SFO-plass i samarbeid med barnehagen. Hausten 2010 vil det i tillegg verte starta opp eit tilbod om ettermiddagsplass tysdag og torsdag med fokus på uteaktivitet og kultur i brei forstand.

Du finn meir informasjon på skulen si nettside [www.fjerland.skule.no](http://www.fjerland.skule.no)

